




# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713

Månedsbrev for juni 2013.

Årgang 48



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Jarle Kristiansen  
Visepres: Karin S. Holstad  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Barnhard Harkjerr  
Styremedlem: Øystein Alme  
Ansv.red.: Aage Nytun  
Referent: Vigdis Riise

## Fødselsdagar i juni:

Sverre Bjåstad 17. juni

---

## Et streif av Sommer..

Sommer  
Naken hud i vann  
Solen skinner  
Marmorerte tanker  
Surfer inn mot land.

Sommer  
Naken hud i vann  
Regnet spruter  
Krystallklare dråper  
blir fanget i en hand.

*Marit Irene Jensen.*

---

Måndag 3. juni.

Møtet var leia av president Jarle og vi opna med songen "Blant alle lande".

Gjestane denne dagen var marknadsansvarleg Lillian Kleven Breivik og banksjef Hallvard Bjørneset frå Sparebank 1 Søre Sunnmøre. Banken feirar i år 160 år og heitte tidlegare Sparebanken Ørsta Volda. I banken er dei no 75 tilsette og har ein forvaltningskapital på 9 mrd kr. Dei har god inntening og har siste åra også opna kontor både i Ulsteinvik og Fosnavåg med mottoet: "Betre å virke og bu på Søre Sunnmøre". I tillegg til bankdrift sel dei også skadeforsikring og har f.t ein marknadsandel på 25 %, noko som er svært bra.

Elles er dei aktive sponsorar til lag og organisasjonar og deler i år ut gåver for ca. 6 mill kr.

Etter presentasjonen var det høve til spørsmål, og dei frammøtte fekk utdelt ein grei korthaldar for bankkorta våre.

Måndag 10. juni.

Møteleiar denne dagen var Karin Svendsen Holstad som ønskte alle velkomne, og spesielt velkomen var Azusa Tamimura som var på vitjing frå Japan. Azusa var utvekslingsstudent i Hareid Rotaryklubb vinteren 2002 – 2003 og budde då hjå fleire familiar på Hareid dette året. Desse familiare var også gjester denne kvelden på Rotarymøte, og det var tydeleg at ho sette pris på å få møte dei igjen. Azusa kom frå Oslo der det hadde vore ei samling av Rotary sine utvekslingsstudentar som var gjester i Noreg for 10 år sidan. Sidan sist haddde ho no teke utdanning som biolog(ingeniør?) og var tilsett i ei selskap der ho også måtte reise ein del til Argentina og India. Ho fortalde om kvardagen sin og om arbeidet sitt PÅ NORSK !! Utruleg at ho hugsa så mykje frå den tida ho var her og var elev ved Ulstein VG skulle!

Måndag 17. juni.

Dagen/kvelden var avsett til 2 timar (17.30 – 19.30) stordugnad på Rotarystien med innbyding til bygdefolket om å møte fram og ta del i spreining av grus, rydding og raking. Det møtte opp 6-7 personar utanom ca 15 klubbmedlemmer, og vi fekk gjort ein god del sjølv om det regna "trollkjerringar" og 2 stk ATW-ar vart forhindra for å hjelpe til med transport av grus. Der er framleis store dungar som skal spreiaast, så det vert fleire høve til å vere med. Kvelden vart avslutta med kaffi, sveler og vafler både ved Grimstadosen og i Kaldholen.

Måndag 24. juni

Dette var siste møtet i Rotaryåret 2012-2013 og såleis siste møtet der Jarle Kristiansen var president og kunne ønskje alle hjarteleg velkomne til Pakkhuset i Brandal med songen "Blant alle lande". Borda var flott pådekkja og pynta til fest og det var godt frammøte av medlemmene.

Presidenten ga så ordet til seremonimeister Hans Gisle Holstad som skulle leie seremonien med presidentskiftet og der Karin Svendsen Holstad skulle ta over som ny president. Som vi veit så skal oppgåvene i Rotary rotare, og presidentvervet følger også dette prinsippet. Ein vert president etter å ha site i styret i 2 år og vore med i leiinga v klubben. Jarle Kristiansen har vore leiar i nok eit aktivt år for klubben der vi har hatt gode programinnslag og vore spesielt opptekne av stien vår og Voldaprojektet i Sierra Leone. Karin fekk så overlevert presidentkjedet og vi ønskjer henne lukke til i komande år!

Etter dette kunne sereminimeisteren fortelje at det også skulle utdelast 2 stk Paul Harris æresbevisningar! Den første som skulle få denne heideren er ikkje rotaryanar, og vart delt ut til Ingrid Stennes for hennar store engasjement for samfunnsgagnleg arbeid i Hareid – og spesielt gjennom hennar engasjement i Norske Kvinnens Sanitetsforening lokalt i kommunen. Ingrid flytte med familien (mann og 3 born) til Hjørungavåg i 1978 og har sidan då vore svært aktiv både som kasserar og i div.leiarverv i Hareid Sanitet. Ingrid er ei dame som får ting gjort, som er lett å be, har eit stort pågangsmot og ikkje minst eit utruleg godt humør.

Den andre som Hareid Rotaryklubb ønsker å ære er ein av våre eigne medlemmer og som kan reknast for å vere ein av våre ekte veteranar: **Otto Holstad**. Han vart medlem i klubben i 1970, og har i over 40 år vore ein dei mest trufaste og aktive medlemmer når det gjeld frammøte, programinnslag, dugnadshelp m.m. Otto har hatt eit allsidig yrkesaktivt liv frå fiskar til rørleggar og starta på 60-talet Hareid Rørleggarforretning. Etter kvart vart forretninga utvida med tekstilavdeling, maling m.m. og er framleis i drift av familien. Otto har også vore ein aktiv samfunnsbygger innan kulturområdet gjennom sitt engasjement i Hareid Idrettslag, Ålesund og Sunnmøre Turistforening, Hareid og Ulstein Jeger og Fiskeforening, Odd Fellow og vore politisk aktiv i 2 perioder i Hareid kommunestyre og formannskap.

Etter desse seremoniane fekk vi servert nydelege reker med godt tilbehør og god prat rundt borda. Vi takka for laget og ønskte kvarandre god ferie. Den nye presidenten minte om at det i Juli er programfrie møte og at komiteiarane møter f.k. måndag til orgientering.



*Frå venstre President Jarle Kristiansen, Otto Holstad, Ingrid Stennes og seremonimester Hans Gisle Holstad.*